

Svar på spørsmål frå Helle om trolleybussline tett på minnepark

Representanten **Arve Helle** (A) har stilt slike spørsmål:

Eg har fått henvendelse om Trolleybuss-utbygninga i Laksevåg. Det har særleg vore spørsmål knytta til korleis denne utbygginga berører Minneparken nord for Laksevåg Senter. Minneparken er ein park som er etablert for å heidre og minnast omkomne etter krigshandlingar i Laksevåg under 2. verdskrig.

Kan fylkesrådmannen gjere greie for prosessen med å etablere Trolleybusslinjen og kvifor ein har valt å etablere Trolleybusslinjen tett på Minneparken, samt kva avbøtande tiltak ein har planlagt/har utført for å minimere inngrep i Minneparken?

Fylkesdirektør mobilitet og kollektivtransport:

Bakgrunnen for plassering av mastene er gjort i samråd med VLK/INV vei og prosjekterende konsulent. Det er eit område med mange tvangspunkt, fotgjengerovergang, trange fortau, ny utkjørsel fra Holen skole, kurve på vegen som krev kortare masteavstand og fornying av leidningsnettet.

Mastepllassering er sendt inn til Bergen kommune som byggesak og igangsettingstillatelse vart gjeve hausten 2020. I tillegg hadde vi eit møte med VLK/kulturminne den 21.04.2020, dei hadde ingen merknad til plasseringen

I forhold til avbøtande tiltak har vi avtale med Bymiljøetaten i Bergen kommune om beplanting og fjerning av to stk lysmaster slik at antall master vert likt som før.